

# coop

Vest SA

## Årsmelding og rekneskap 2012



Foto: Arild Johansen/Coop Norge Info



Vest SA

Oversikt over butikkar i Coop Vest SA



Florø	57 74 86 20
Førde	48 01 95 25
Sogndal	97 99 14 60
Volda	97 99 47 80
Ørsta	97 99 12 20



Gaupne	97 99 15 20
Hareid	97 99 12 50
Hermansverk	57 65 31 21
Kaupanger	97 99 12 70
Lærdal	97 99 14 30
Sandane	57 86 53 55
Selje	57 85 92 70
Stryn	97 99 14 25
Ørsta	70 06 69 13
Årdalstangen	97 99 12 30



Eid	57 86 07 33
Fosnavåg	97 99 12 40
Førde	97 99 13 70
Høyanger	57 71 46 60
Sandane	57 86 70 20
Ulsteinvik	97 99 12 90
Volda	97 99 14 40
Øvre Årdal	57 64 88 59



Byrkjelo	97 99 14 55
Gaupne	97 99 15 20
Hermansverk	57 65 36 90
Hornindal	57 87 84 15
Volda - butikk	70 07 49 40
Volda - trelast	70 07 49 49
Åheim	70 02 09 20

COOP NÆRKJØP

Fortun	57 68 61 28
Fresvik	57 69 74 00
Skjolden	97 99 12 75

Andre:

GULLSMED	
Førde	48 01 95 75

KAFEAR

Extra Førde	48 01 95 22
Mega Sandane	57 86 70 19
Extra Volda	97 99 47 86

MANUFAKTUR

Førde	97 99 13 76
Høyanger	57 71 46 60
Freequent Sogndal	
	97 99 14 80
Øvre Årdal	57 64 88 61

SPORT

Høyanger	57 71 46 60
----------	-------------

POST/TIPPING

Øvre Årdal	57 64 88 54
------------	-------------

SERVISESENTER

Breim	97 99 70 20
-------	-------------



Førde	48 01 95 40
Ulsteinvik	97 99 14 00



Askvoll	97 99 14 50
Balestrand	57 69 12 06
Barstadvik	70 06 00 64
Brekke	57 78 54 07
Byrkjelo	97 99 14 55
Fiskå	97 99 14 90
Florø	57 74 14 88
Folkestad	70 07 30 32
Fyrde	70 05 00 16
Gjerdsvika	70 02 75 03
Hornindal	57 87 84 10
Kvamsøy	70 02 95 03
Larsnes	97 99 12 60
Lauvstad	70 05 50 03
Leikong	70 08 30 32
Moltu	70 08 50 16
Naustdal	57 81 93 72
Olden	57 87 34 70
Raudeberg	57 85 25 70
Reed	97 99 12 80
Rovde	70 02 26 12
Sandsøy	70 02 90 80
Svelgen	57 79 60 60
Syvde	97 99 12 55
Tjørvåg	97 99 14 85
Vadheim	57 71 48 01
Vassenden	97 99 14 20
Åheim	70 02 09 10





Wilhelm Gjertsen  
styreleiar Coop Vest SA

## Kjære eigarar og tilsette i Coop Vest SA

Coop Vest SA er på veg til å nå snart 50 000 medlemmer og eigarar. Laget har også i 2012 hatt stort fokus på sine strategiske mål som står fast.

**Coop Vest SA skal vere den føretrekte staden å handle daglegvarer og andre produkt/tenester kjeda tilbyr i sitt handelsområde.**

Aukande medlemsmasse, fleire nye butikkar på dei større stadane i Coop Vest sine marknadsområder i Sogn og Fjordane og søre delen av Møre og Romsdal er viktig for Coop Vest si utvikling..

Laget har eit basis folketall på om lag 170 000 som bur i og omkring Coop Vest sine om lag 80 butikkar. Utfordringa ligg i å makte å halde store marknadsdelar i dei mest folketette områder i Coop Vest sitt handelsområde. Dette er ikkje berre ein krevjande reise for Coop Vest SA, men for heile koperasjonen. Det er difor gledeleg å registrere at det framleis er ein markert auke av medlem og eigarar. Coop Høyanger vart i løpet av hausten fusjonert inn i Coop Vest. Dei har hatt observatør rolle i styret etter fusjonen og vi ynskjer dei og deira eigarar, medlemmer og tilsette velkomen på laget.

2012 har Coop fått MMI omdømmepris for best likt bedrift. Coop er i godt selskap med blant anna tidlegare vinnarar som Meteorologisk institutt, TV2 med fleire.

Også lokalt har Coop Vest markert seg ved at alle tilsette, administrasjon og tillitsvalde i 2012 var einige om å tildele årets julegåve til Frelsararmen si julegyte.

Trudi Vågane og Ivar Dvergsdal frå Coop Vest har vore ambassadørar for Norsk Folkehjelp der Coop støttar opplæring av bombe hundar for rydding av minere i tidlegare krigsherja land. Dette er noko av det mangfaldet som koperasjonen står for i det å oppfylle «Coop litt ditt.»

2012 har Coop Vest vidare ført satsinga på etablering av nye butikkar. Sist ute er Sogndal med ny Coop Extra ein del av dei strategiske val som er gjort i å etablere butikkar i regionsentra. Mange prosjekt får si utforming gjennom nettopp samarbeidet som Coop Vest Eigedom har med Coop Eigedom sentralt. Dette er satsing og tilrettelegging der vi nyttar både lokal og sentral kompetanse for å legge til rett for å etablere enda meir aktivitet i Coop Vest sine sals områder. I lag med lokale aktørar og næringsdrivande ynskjer vi å legg til rette for ein enda større handelspark på Brulandsvellingene nær opp til Norges største og Coop Vest sin Extra butikk.

PROSJEKT LØNNSEMD er viktig for Coop i Norge for å nå våre fellesmål om nasjonal marknadsdel på 26 % og betra inntening. Coop i Norge tapar marknadsdelar i 2012 i høve året før. Coop Vest jobbar aktiv med dette prosjektet i eige lag og har det som ein del av å nå målet for eiga resultatskaping. Ein del av måten å jobbe med dette på er justert, men det krev at det enkelte lag lojalt nyttar Coop sin industri og grossist ledd. Coop Vest har dette som ein del av sin strategi og forretningsplan. Gjennom drift av eige lag forpliktar Coop Vest seg gjennom styrande organ og administrasjonen i å gjennomføre fellesskapet sine vedtak

Det alle viktigaste handlar om Å VERE BEST på å drive butikk. Det kan høyrest enkelt ut. Det er noko heilt anna og krevjande, å ha rett kompetanse hos tilsette, vere best mogleg på rutinar, vareflyt, eit minimum av svin og finaste og beste butikken. Terping av best praksis, klar for kunde og mykje, mykje meir. Keisamt, kanskje, men DETTE er DET viktigaste, og å møte kunden og eigaren, på ein positiv måte der alle desse momenta er på plass. Det er i butikken slaget om kundane står, i alle omtaler om butikkar som lukkast er det dette dei er gode på. Om vi i Coop Vest ikkje er best på dette så vil vi og våre butikkar bli valt vekk.

Coop Vest SA har om lag 900 tilsette, mange tillitsvalde og eigarar, om lag 80 butikkar i eit stort geografisk område og det handlar mykje om INFORMASJON og KOMMUNIKASJON for å gjere oss alle enda betre.

Gratulerer og takk til Dykk alle for flott innsatsen i året som har gått.

Er overtydd om at i 2013 kjem Coop Vest SA sine butikkar til å bli utvikla til å bli enda fleire handlande sitt første val.

Førde, 17. februar 2013.

Wilhelm Gjertsen  
styreleiar Coop Vest SA

# coop extra



Coop Extra Sogndal har slått til for fullt. Så langt i år ligg butikken 32,5 prosent over omsetnaden vi hadde som Mega. Butikken har sidan opninga vore størst i landet på faghandel.

Faghandelsansvarleg  
Katrine Hellenes Lunde



## Årsmelding og rekneskap

Coop Vest SA er eigd av over 48 000 medlemmar/eigarar, og består av tidlegare innfusjonerte lag frå Sogn og Fjordane og Møre. Coop Vest driv i dag 80 butikkar i 28 kommunar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Hovudtyngda av verksemda er sal av handelsvarer til medlemmar og kundar. Coop Vest sel mest daglegvarer, byggevarer, klede, sko og varer til landbruket. Hovudkontoret ligg i Førde.

### Utvikling i detaljhandelen - og samyrkelaga

Konsumprisindeksen steig med 0,8 prosent frå 2011 til 2012. Utviklinga i elektrisitetsprisane var ei viktig årsak til den låge årsveksten i 2012. Prisane på elektrisitet inkludert nettleige gjekk ned med 19,0 prosent i denne perioden. Både kraftprisar og nettleige viste prisnedgang i 2012. Lågare prisar på audiovisuelt utstyr og teletenester i 2012 enn i 2011, bidrog også til å dempe årsveksten i KPI. Faktorar som mellom anna medverka til å trekke opp årsveksten i KPI i 2012, var prisane på drift og vedlikehald av transportmiddel, berekna husleige for sjøveigarar, restauranttenester og finansielle tenester utanom forsikring. Også prisane på transporttenester auka i 2012.

Prisane på matvarer auka med 0,8 prosent, medan alkoholfrie drikkevarer auka med 3,7 prosent frå 2011 til 2012. Alkoholhaldige drikkevarer steig med 2,5 prosent, medan tobakksvarer hadde ei prisauke på 3,9 prosent.

Samyrkelaga ser ut til å få ein samla omsetnad i 2012 på om lag 38,6 milliardar kroner. Dette tilsvarar ein auke på 3,3 prosent frå 2011. I tillegg kjem omsetnaden frå Smart Club AS, som er eigd av Coop Norge SA. Dersom vi inkluderer Smart Club AS, blir den samla omsetnaden på ca. 39,8 milliardar kroner, ein vekst på 3,1 prosent frå 2011. Innan daglegvarer hadde Coop ein vekst på 2,5 prosent i 2012, medan marknadsveksten var på 3,6 prosent. Det ser derfor ut til at Coop sin marknadsandel har gått ned med 0,2 prosentpoeng til 23,2 prosent.

Til samanlikning har Coop Vest SA ein marknadsandel på 30,95 prosent.

Pr. 1.1.2013 var 113 samyrkelag medlemmer av Coop Norge. Ein nedgang i 2012 på fire lag og skuldast samanslutningar.

Ved utgangen av 2012 var det 1 354 625 medlemmer i norske samyrkelag tilknytt Coop Norge. Tilsvarande tal for føregåande år var 1 306 343.

### Økonomi

Coop Vest SA har i 2012 arbeidd vidare med å fornye butikkane. Dette gjer vi for å stå betre rusta i framtida. I 2012 opna Extra Bygg Ulsteinvik, Extra Mat Ørsta og Extra Mat Sogndal. Styret ser det som svært viktig å fornye butikkmassen i region-sentera. Denne satsinga er kostnadskrevjande og påverkar årsresultatet, men er viktig for å auke framtidige marknadsandelar.

Omsetninga i Coop Vest SA auka frå kr. 1.529 mill. i 2011 (inkludert tall frå Coop



# for Coop Vest SA

Høyanger SA) til kr. 1.592 mill. i 2012. Dette er ein auke på kr. 63 mill. eller 4,1 %. Bruttofortenesta er redusert frå 20,27 % i 2011 til 20,19 % i 2012 (begge tall er det teke omsyn til kjøpebonus til medlemmane). Hovudårsaka til nedgangen i bruttofortenesta er auka satsing og omsetning innanfor lågprissegmentet, og då fortrinnsvis på Extra, innanfor daglegvarer og byggevarer.

Coop Vest SA har endra rekneskapsprinsipp for føring av kjøpeutbytte og gått over til å benytte kjøpebonus. Tidlegare var kjøpeutbytte rekneskapsmessig å betrakte som ein årsoppgjersdisposisjon. Frå og med rekneskapsåret 2012 har Coop Vest SA gått over til å benytte kjøpebonus. Kjøpebonus er å betrakte som ein rabatt på salstidspunktet og er derfor fråtrekt salsinntektene i netto omsetning.

Netto kontantstraum frå dei operasjonelle aktivitetane til selskapet var på kr. 37 mill. i 2012 mot kr. 27 mill. i 2011. Netto kontantstraum brukt til investeringar var kr. 32 mill. mot kr. 21 mill. i 2011. Netto negativ kontantstraum frå finansieringsaktivitetane er kr. 9 mill. mot kr. 3 mill. i 2011. Dette skuldast først og fremst utbetaling av utbytte til medlemmane. Nettobeholding av kontantar er kr. 87 mill. i 2012 mot kr. 91 mill. i 2011, som hovudsakeleg skuldast høgt investeringsnivå. Styret ser samstundes at det høge investeringsnivået er viktig for at Coop Vest SA skal ha foretrukne og attraktive butikkar til kundane våre.

Personalkostnaden har gått noko ned i høve til 2011 – 13,23 % av omsetnaden i 2012 mot 13,46 % i 2011. Det vert arbeidd hardt i butikkane for å bli meir effektiv og arbeide rettare. På same tid som vi har ein auke i omsetnaden, er det ikkje til å unngå at personalkostnaden aukar i kroner.

Årsresultatet etter skatt er kr. 7,3 mill. mot 12,6 mill. i 2011, ein reduksjon på kr. 5,3 mill. Hovudårsaka til nedgangen er at ein i 2011 hadde betydelege gevinstar frå sal av eigeidom i samband med etableringa av Coop Vest Eigeidom AS. Kombinert med at selskapet har hatt eit stort investeringsnivå i 2012. Vi ser at den innsatsen som er lagt ned gjennom arbeid i butikk byrjar å gje resultat. Dette gjenspeglar seg i at til tross for eit svakare årsresultat totalt sett, er den generelle butikkdrifta meir lønsam i 2012.

Totalkapitalen for Coop Vest SA var ved utgangen av 2012 kr. 638 mill. samanlikna med kr. 648 mill. i 2011. Eigenkapitalen i 2012 er på kr. 233 mill. (36,5 %) mot kr. 225 mill. (34,8 %) i 2011. I ein situasjon med stor investeringsaktivitet er styret nøgd med at ein klarer å styrke ein allereie god eigenkapital. Verdijustert eigenkapital er på nærare 50 %, noko som gjev selskapet vesentleg handlefridom dei komande åra.

## Disponering av årsresultatet

Styret vil foreslå at årsresultatet vert nytta slik:

Til rente på ansvarsskott.....	kr. 67 840
Til anna eigenkapital.....	kr. 7 192 819
Sum.....	kr. 7 260 659

## Forhold etter rekneskapsårets slutt

Det er ikkje skjedd noko etter rekneskapsårets slutt som har betydning for det framlagde årsrekneskapet.

## Medlemsutvikling

Som ein medlemseigd organisasjon har Coop ein god plass i varehandelen. Kjøpebonus og medlemsrabattar blir utbetalt til medlemmane; som alle har eigarandelar. Ved utgangen av 2012 var det 47 826 medlemmar i Coop Vest SA. Coop Vest SA sitt medlemskort vert brukt på om lag 71 % av all omsetnad i butikkane våre. Kjøpebonus, rabatt frå samarbeidspartnarane og renter på medlemskontoen blir utbetalt med til saman kr 25 252 200. Pga. ny samvirkelov blir kjøpebonus og medlemsrabattar ført inn på medlemskontoen i midten av april.

## Spareordning

Stadig fleire brukar spareordninga i samvirkelaga. Totalt har medlemmane kr 270 497 897 i Coop Vest SA. Rentene er konkurransedyktige, og innskota er garantert av samvirkelaget sitt Garantifond A/L. Medlemmane kan sjekke saldoen på eiga-medlemsside på coop.no.



«Meir enn 5 500 varer til ekstra låge prisar kvar dag.»

Tal butikkar: 5

Omsetnad: kr 293 469 995

Kjeden enda i 2012 ut med ein vekst i omsetnaden på 25,7 %. Denne auken skuldast vekst i etablerte og nye butikkar. I august omprofilerte vi Mega Ørsta til Extra Ørsta og i november opna Coop Extra Sogndal. Coop Extra Sogndal er etablert i Sjøkanten handelspark og har som målsetting å ta posisjon som den leiande daglegvare butikken i Sogn. Butikken har ei salsflate på 2000 kvm, av dette utgjør faghandelavdelinga 600 kvm. Coop Extra Førde befestar posisjonen sin i 2012 som Norges største Extra butikk.



«Lave prisar. ALLTID»

Tal butikkar: 10

Omsetnad: kr 244 108 741.

Kjeden enda i 2012 ut med ein vekst i omsetnaden på 1,6 %. Prix Lærdal har i 2012 hatt ein betydeleg vekst i omsetnaden etter omprofileringa i 2011, og er den av Prix butikkane som har størst auke.



«Alltid middag»

Tal butikkar: 8

Omsetnad: kr 461 197 901.

Coop Mega reduserte omsetnaden med 3,0 % mot året før. Nedgangen skuldast at to butikkar er omprofilert til Extra. Denne nedgangen er blitt kompensert noko med tilgangen av Coop Mega Høyanger vart ein del av Coop Vest SA. Sjølv om konkurransen frå lågprisbutikkar stadig blir sterkare har fleire av Mega butikkane våre hatt omsetningsauke i 2012.



Med dette kortet får du 2% medlemsbonus på alt du handlar hos Coop – på toppen av kjøpeutbyttet du allereie har i dag!

# Visste du at Coop Vest er det 8. største samyrkelaget i landet?



«Godt vi har kvarandre»

Tal butikkar: 28

Omsetnad: kr 325 690 830.

Coop Marked enda i 2012 med ein vekst i omsetnaden på 0,4 %. Mange av Coop Marked butikkane våre har hatt sterkt vekst i omsetnaden i 2012. Coop Marked Vassenden er den butikken blant Coop Marked som har hatt sterkast prosentvis vekst i 2012. Vi har i løpet av 2012 oppgradert Coop Marked Vassenden, Coop Marked Barstadvik og Coop Marked Åheim.



Tal butikkar: 3

Omsetnad: kr 15 315 027.

Coop Nærkjøp enda i 2011 med ein vekst i omsetnaden på 3,2 %. Veksten til Nærkjøpa viser at det blir arbeid godt ute i butikkane, og at dei blir sett pris på av kundane.



Tal butikkar: 6

Omsetnad: kr 81 121 899.

Kjeden enda i 2012 ut med ein nedgang i omsetnaden på 26,3 %. Nedgangen skuldast nedlegging av Coop Byggmix Sandane og omprofilering av Byggmix Ulsteinvik til Extra Bygg Ulsteinvik. Sjølv om omsetninga for kjeda totalt sett gjekk ned, har alle dei resterande Byggmixbutikkane våre hatt omsetningsauke i 2012.



Tal butikkar: 2

Omsetnad: kr 89 720 341.

Coop Extra Bygg enda i 2012 med ein vekst i omsetnaden på heile 101,5 %. Etableringa av Coop Extra bygg i Ulsteinvik har bidrege sterkt til denne veksten, men også Coop Extra bygg Førde har hatt betydeleg vekst i 2012. Veksten til Coop Extra bygg visar at konseptet og butikkane har blitt godt motteke i marknaden.

## Diverse butikkar:

Tal butikkar: 13

Omsetnad: kr 81 007 947.

Gruppen består av Kafear i Extra Førde/Sandane/Volda, Domus Klede i Førde/Øvre Årdal/Høyanger, Freequent kle i Sogndal, Sporten Høyanger, Gull og Sølv i Førde, Verkstad Byrkjelo, Esso Byrkjelo, Post i butikk Øvre Årdal og driftsmiddel på Byrkjelo. Kafeen ved Domus Førde vart lagt ned 31.07.2012.

## Coop Vest Eigedom AS

Coop Vest SA har store verdier i eigedomar. Desse eigedomane er delvis eigd av

samyrkelaget og delvis gjennom eigedomsselskapet Coop Vest Eigedom AS. Aksjane i dette eigedomsselskapet er likt fordelt mellom Coop Vest SA og Coop Norge Eigedom AS. Coop Vest Eigedom AS skal utvikle eksisterande og nye eigedomar, samt ivareta Coop Vest SA sine interesser i utviklingsprosjekt.

Coop Vest Eigedom AS har avtale med Coop Eigedom Forvaltning AS om drift og forvaltning av selskapet. Ved årsskifte hadde selskapet 15 heil og deleigde eigedomar i sin portefølje til ein bokført verdi på kr 215 085 847,-. For å oppfylle strategien om å investere i nye viktige marknadsområde har selskapet i 2012 selt 4 eigedomar i Sogn, for kr 34 mill. Hovudsakleg eigedomar der Coop Vest SA ikkje driv butikkar. Coop Vest Eigedom AS er medeigar i utviklingsprosjekt saman med Moengården Vest AS, Setrevegen 2 AS i Stryn og Citus AS.

## Eigarorganisasjon

I Coop Vest SA sin organisasjonsmodell er medlemmene inndelt i fire regionar. Det har vore halde to regionrådsmøter i kvar region i 2012. Regionrådsmedlemmane var i tillegg spesielt invitert til medlemsmøte i butikk (medlemskafè). Årsmøtet har i 2012 hatt 3 møter og 31 saker er behandla.

Styret har i 2012 hatt 7 styremøter og 85 saker vart behandla. På kvart møte får styret rapportar som viser økonomisk utvikling i den einkilde butikk kvar månad og akkumulerte.

Årsmøtet i Distriktslag Coop Noreg – Vestlandet vart halde i Bergen 3. og 4. mai 2012. På møtet var Coop Vest SA representert med sentrale tillitsvalte og tilsette.

## Fusjon

Coop Høyanger og Coop Vest bestemte sommaren 2012 å fusjonere med rekneskapsmessig verknad frå 1. januar 2012. Coop Vest SA var overtakande føretak. Fusjonen vil styrke Coop sin marknadsmessige posisjon i regionen gjennom:

- Auka investeringsevne
- Større samla kompetanse
- Stordriftsfordelar
- Auka konkurransekraft

Fusjonen er gjennomført i samsvar med Hovudavtalen og Arbeidsmiljølova sine lover om overdraging av verksemder. Ingen tilsette har mista arbeidet som følgje av fusjonen.

## Våre tilsette

Gjennom 2012 har til saman 1581 personar hatt tilsetjingstilhøve i Coop Vest SA, og ved årets slutt var det registrert i alt 957 tilsette. Av disse var det 170 heiltidsstillingar og 787 deltidstillingar/ekstrahjelpar, totalt 512 årsverk.

Kvinneandelen av tilsette i laget er stor, og 72,4 % av alle tilsette var kvinner. Laget hadde i 2012 i alt 42 menn og 45 kvinner i leiande stillingar.

## Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å fremma likestilling, sikre like mogelegheiter og rettigheter, samt å hindra diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonal opp-

## Coop Vest har sidan 2007 brukt nærare 260 millionar på butikkfornyng.

rinnelse, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Coop Vest arbeidar målretta for å fremma lova sine formål innanfor vår virksomheit.

### Gullklokker

I 2012 var det i alt 8 tilsette som fikk gullklokke etter 25 års samanhengande tenestetid.

Dei 8 er: Ragnhild Skoge – Coop Marked Larsnes, Mari Øien Coop Extra Førde, Edit Indrebø – Coop Mega Førde, Berit Irene Hoff – Coop Marked Naustdal, Venke Sylvarnes – Coop Mega Øvre Årdal, Remi Tystad – hovudkontoret, Åse Kristin Bøyum – Førde Gullsmeforretning, Nelly Margrethe Tefre – Domus Førde.

Gullklokkene vart delt ut i samband med dei regionale samlingane hausten 2012.

### Kompetanse

Utvikling av kompetansen hjå dei tilsette i laget er til ein kvar tid viktig for å skape framgang i laget. I 2012 har Coop Kompetanse og SAMFO vore sentrale bidragsytarar i høve kurs og opplæring for tilsette. I tillegg har laget gjennomført utviklingstiltak i eigen regi. Mellom anna har butikksejfmøter vore nytta til utviklingstiltak.

### Arbeidsmiljøet

Coop Vest SA har frå 2010 vore IA-bedrift, og laget har gjennom IA-systemet arbeidd aktivt for å redusere sjukefråværet. Dette arbeidet har også gitt resultat. Det totale sjukefråværet var i 2010 8,6 % og vart redusert til 7,2 % i 2011. I 2012 var sjukefråværet 6,7 %. Av dette utgjorde kortidsfråværet 2,9%. I 2012 er det registrert 6 skader som har medført sjukemelding.

Målsetjinga for HMS- arbeidet i Coop Vest SA er primært å førebygge ulykker og helseskadar, samt å skape trivsel for medarbeidarane. Gjennom eit godt arbeidsmiljø, gode rutinar og konkurransedyktig drift skal vi lage gode løysingar som kundane våre ynskjer å nytte.

Samarbeids- og miljøutvalet har i 2012 hatt følgjande samansetning: Frå arbeidstakar: Jostein Heilevang, Bjørg Aase, Monica Gjelseth, Sonja Brendø, May Iren Kleppe, Arna Fjellkårstad, Lars Brusegard, Frå arbeidsgjevar: Wilhelm Gjertsen, Geir Espe, Remi Tystad, Øyvind Indrebø, Anne Grepstad

Arbeidet i Samarbeids- og miljøutvalet har vore utført i samsvar med retningslinjene. Laget har hatt 5 møter i 2012, og har mellom anna drøfta ombyggingssaker, opplæring, informasjonsrutinar, butikkstruktur og vernerundar.

### Regionale samlingar

Coop Vest SA gjennomførte hausten 4 regionale samlingar for tilsette og medlemstillsvalde i laget. I tillegg til informasjon om drift og utvikling i Coop Vest SA, vart det gjennomført ein «kick-off» med Bjørn Vollstad.

### Miljø

Forureining av det ytre miljø, som følgje av laget si verksemd er akseptabelt. Kjerneverksemda til Coop Vest SA er kjøp og sal av varer. Verksemda påverkar miljøet

direkte og indirekte gjennom transport, avfall, energiforbruk og miljømessige effektar varene kan medføre etter at den er selt til forbrukar.

Miljøaspekt har sterk forankring i Coop sitt verdigrunnlag. Ein av Coop sine kjerneverdier er "omtanke" – for menneske, dyr og miljø. Vi søker derfor å motverke miljømessige skadeverknader gjennom ein strategi som går på å vere i fremste rekke når det gjeld avfallhandtering, bruk av miljøvenlege kjølemedier, varmegjenvinning og energiokonomisering generelt. Ved ombyggingar og ved planlegging av nye butikkar tek vi miljøhensyn.

Coop satsar aktivt på å bygge ut daglegvaresortimentet med økologiske og miljøvennlige produkt. Med dette håpar vi å medverke til gode haldningar blant medarbeidarar og forbrukarar. Coop sine daglegvarekjeder er blant dei store norske kjedane som har størst sortiment av økologiske og miljøvennlige varer. Våre verdiar skal prege det arbeidet vi gjer gjennom vegval, samarbeid internt og eksternt, kunderelasjonar og heile bedriftskulturen.

### Finansiell risiko og utsikter framover

Likviditeten i selskapet vert vurdert som tilfredsstillande. Det er ikkje bestemt å gjennomføre tiltak som endrar likviditetsrisikoen. Største likviditetsrisikoen relaterer seg til uttak av medlemsinnkot. For Coop Vest SA sin del så meiner ein at gjennom eit konkurransedyktig rentenivå så er denne risikoen begrensa. Årets resultat viser ein positiv trend på butikknivå. Fleire butikkar har i 2012 gode resultatforbetringar.

Det er framleis rom for forbetringar. Vi vil ha fokus på å redusere svinnet, auke effektiviteten, sikre godt arbeidsmiljø og arbeide med verktøyet "Klar for Kunde" i 2013.

Våre oppgraderingsprosjekt i eksisterande butikkportefølje har gjeve omsetningsauke. Dei store investeringsprosjekta tyngjer avdelingsrekneskapa og totalrekneskapet. Men auka konkurransekraft vil trygge butikkane og gje framtidig god lønsemd. Nye oppgraderingsprosjekt står klare i 2013.

Nyetableringar vert vurdert fortløpande i høve til moglegheiter i markedet, kalkulert inntening og risiko. Gjennom dette skal fortsatt salsvekst og langsiktig lønsemd sikrast.

### Grunnlaget for vidare drift

Årsrekneskapa er gjort opp ut frå føresetnad om vidare drift. Styret meiner at det er grunnlag for vidare drift.

Styret meiner at det framlagde rekneskapet gir eit rett bilde av Coop Vest SA sine eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat.

### Kjøpebonus 2013

Det er førehandsgarantert 1 % kjøpebonus for år 2013.

### Avslutning

I skrivande stund er vi allereie langt inne i eit nytt år med nye store oppgåver for Coop Vest SA. Året vert krevjande, med mange moglegheiter. I ei tid med store butikkomleggingar står arbeidsoppgåvene i kø.

## Coop Vest SA sitt medlemskort vert brukt på om lag 71 % av all omsetnad i butikkane våre.

Saman skal vi gjere alt for at Coop Vest SA skal ha ein sterk marknadsposisjon og framstå med gode og tidsriktige butikkar.

Vi må fokusere på rasjonell, effektiv og konkurransedyktig drift. Butikkane i marknadsområdet vårt må tilpassast brukarane for å vinne konkurransen.

Styret vil til slutt takke alle som i år 2012 har bidrege til at vi fekk den positive utviklinga i Coop Vest SA. Takka går til alle tilsette for stor og god innsats og til tillitssvalde på alle plan. Ei særleg takk til våre medlemmer og kundar som støttar opp om laget.

Førde 28. februar 2013

Wilhelm Gjertsen, leiar  
valt av medlemmane

Trudi Vågane, nestleiar  
valt av medlemmane

Hege Karete Hamre  
valt av medlemmane

Geir Årvik  
valt av medlemmane

Jane Grete Stedje  
valt av medlemmane

Ragnhild Dybvik  
valt av dei tilsette

Else Beate Barstad  
valt av dei tilsette

Martin Hamre  
valt av dei tilsette

Geir Espe, Adm. direktør





I 2012 fekk Coop MMI sin omdømmepris for best likte bedrift.

## Coop Vest SA – Resultatrekneskap pr. 31.12.2012

	NOTE	2012		2011	
			%	i 1000 KR.	%
SALSINNTEKT	3	1 591 632 681	100,00	1 529 032	100,00
KJØPEBONUS MEDLEMMER	1	11 552 690		11 229	
<b>NETTO OMSETNING</b>		<b>1 580 079 991</b>		<b>1 517 803</b>	
VAREKOSTNAD		1 258 736 792	79,08	1 207 797	78,99
<b>BRUTTOFORTJENESTE</b>		<b>321 343 199</b>	<b>20,19</b>	<b>310 006</b>	<b>20,27</b>
ANDRE NETTO DRIFTSINNTEKTER	2	43 323 543	2,72	49 460	3,23
<b>NETTO DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>364 666 742</b>	<b>22,91</b>	<b>359 466</b>	<b>23,51</b>
LØNSKOSTNAD	5, 6	210 581 371	13,23	205 834	13,46
AVSKRIVING PÅ VARIGE DRIFTSMIDLAR	7	28 155 915	1,77	26 061	1,70
ANNA DRIFTSKOSTNAD	14	116 541 072	7,32	108 327	7,08
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>355 278 357</b>	<b>22,32</b>	<b>340 221</b>	<b>22,25</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>9 388 385</b>	<b>0,59</b>	<b>19 245</b>	<b>1,26</b>
FINANSINNTEKTER	2	6 232 860	0,39	4 699	0,31
FINANSKOSTNADER	2	6 168 537	0,39	6 460	0,42
<b>NETTO FINANSIELLE POSTAR</b>		<b>64 323</b>	<b>0,00</b>	<b>-1 761</b>	<b>-0,12</b>
<b>ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNADER</b>		<b>9 452 708</b>	<b>0,59</b>	<b>17 484</b>	<b>1,14</b>
SKATTEKOSTNAD PÅ ORDINÆRT RESULTAT.	10	2 192 048	0,14	4 833	0,32
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>7 260 659</b>	<b>0,46</b>	<b>12 651</b>	<b>0,83</b>
<b>OVERFØRINGAR</b>					
OVERFØRT TIL RENTER AV ANSVARSINNSKOT		67 840		65	
OVERFØRT TIL ANNA EIGENKAPITAL		7 192 819		12 586	
<b>Sum overføringar</b>		<b>7 260 659</b>		<b>12 651</b>	

*Kjøpebonus, rabatt frå samarbeidspartnarane og renter på medlemskontoen blir utbetalt med til saman kr 25 252 200,-*

## Coop Vest SA – Balanse pr. 31.12.2012

	NOTE	2012		2011	
			%	i 1000 KR.	%
<b>EIGENDELAR</b>					
<b>ANLEGGSMIDLAR</b>					
IMMATERIELLE EIENDELAR					
UTSATT SKATTEFORDEL	10	18 111 125		19 938	
<b>SUM IMMATERIELLE EIENDELER</b>		<b>18 111 125</b>	<b>2,84</b>	<b>19 938</b>	<b>3,08</b>
<b>VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>					
AKTIVERTE KOSTN. LEIDE LOKALER	7	11 240 000		2 763	
TOMTER, BYGNINGAR	7	194 728 713		198 625	
MASKINER OG ANLEGG	7	31 889 012		28 646	
INVENTAR, KONTORMASKINER	7	42 513 840		34 721	
<b>SUM VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>		<b>280 371 565</b>	<b>43,97</b>	<b>264 755</b>	<b>40,94</b>
<b>FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR</b>					
INVESTERING I DOTTERSELSKAP	8	0		0	
INVESTERING I TILKNYTTA SELSKAP	8	69 336 000		74 337	
LÅN TIL DOTTERSELSKAP	8	0		12 194	
ANDELSINNSKOT NKL		34 612 959		34 613	
INVESTERING I AKSJER OG ANDELER		635 667		536	
<b>SUM FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR</b>		<b>104 584 626</b>	<b>16,40</b>	<b>121 680</b>	<b>18,81</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR</b>		<b>403 067 316</b>		<b>406 373</b>	
<b>OMLØPSMIDLAR</b>					
VAREBEHOLDNING	4, 9	129 579 000		126 352	
PROSJEKTER I ARBEID		0		1 096	
DEBITORAR		15 053 945		15 531	
ANDRE FORDRINGER		3 084 350		5 954	
INNSKOT NKL		12 571 811		15 778	
BANKINNSKOT, KONTANTER	13	74 317 511		75 656	
<b>SUM OMLØPSMIDLAR</b>		<b>234 606 616</b>	<b>36,79</b>	<b>240 368</b>	<b>37,17</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>		<b>637 673 932</b>	<b>100,00</b>	<b>646 741</b>	<b>100,00</b>

Stadig fleire brukar spareordninga i samvirkelaga.  
Totalt har medlemmane kr 270 497 897,- i Coop Vest SA.

## Coop Vest SA – Eigenkapital og gjeld

NOTE	2012		2011	
		%	i 1000 KR.	%
<b>EIGENKAPITAL</b>				
INNSKOTEN EIGENKAPITAL				
MEMLEMANE SITT ANSVARSINNSKOT	11, 12	14 336 313	13 903	
<b>SUM INNSKOTEN EIGENKAPITAL</b>		<b>14 336 313</b>	<b>13 903</b>	<b>2,15</b>
OPPTJENT EIGENKAPITAL				
FELLESEIGD ANSVARSKAPITAL	11	39 338 956	39 339	
UTBYTTEFOND	11	28 163 832	28 164	
ANNA EIGENKAPITAL	11	150 878 302	143 685	
<b>SUM OPPTJENT EIGENKAPITAL</b>		<b>218 381 091</b>	<b>211 188</b>	<b>32,65</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>11</b>	<b>232 717 404</b>	<b>225 091</b>	<b>34,80</b>
<b>GJELD</b>				
AVSETNING FOR FORPLIKTELSAR				
PENSJONSFORPLIKTELSER	6	1 204 290	3 663	
<b>SUM AVSETNING FOR FORPLIKTELSER</b>		<b>1 204 290</b>	<b>3 663</b>	<b>0,57</b>
ANNA LANGSIKTIG GJELD				
MEMLEMSINNSKOT		257 385 659	254 262	
GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR	9, 16	21 370 000	23 510	
ØVRIGE LANGSIKTIG GJELD		55 000	85	
<b>SUM ANNA LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>278 810 659</b>	<b>277 857</b>	<b>42,96</b>
KORTSIKTIG GJELD				
LEVERANDØRGJELD		49 923 280	66 099	
BETALBAR SKATT	10	364 996	263	
SKULDIG OFFENTLEG AVGIFTER		27 608 801	22 928	
SKULDIG KJØPEUTBYTTE		13 711 019	11 359	
ANNA KORTSIKTIG GJELD	15	33 333 483	39 480	
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>124 941 579</b>	<b>140 129</b>	<b>21,67</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>637 673 932</b>	<b>646 741</b>	<b>100,00</b>

FØRDE DEN 31. DESEMBER 2012 / 28. FEBRUAR 2013

Wilhelm Gjertsen  
styreleiar

Trudi Vågane  
nestleiar

Hege Karete Hamre  
styremedlem

Geir Årvik  
styremedlem

Jane Grete Stedje  
styremedlem

Ragnhild Dybvik  
styremedlem  
valt av tilsette

Else Beate Barstad  
styremedlem  
valt av tilsette

Martin Hamre  
styremedlem  
valt av tilsette

Geir Espe  
Adm. direktør

# coop prix



Prix Lærdal har hatt god vekst på  
frukt og grønt i 2012 som igjen  
har ført til auka omsetnad

Ass. butikksjef Jorunn Eri



## Notar til rekneskapet 2012

### 1 REKNESKAPSPRINSIPP

Coop Vest SA har fusjonert med Coop Høyanger SA med regnskapsmessig virkning frå 01.01.2012. Tall for 2011 er i den samanheng omarbeida til samanliknbare tall.

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigendelar og gjeld

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til anskaffingskost med frådrag for planmessige avskrivningar. Anleggsmidlar som ein reknar med har varig verdi lågare enn balanseført verdi, er nedskrivne. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne lineært over den økonomiske levetida.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av anskaffingskost og verkeleg verdi.

Annan langsiktig gjeld og kortsiktig gjeld er vurdert til pålydande beløp.

### Leigeavtalar

Driftsmiddel som vert leigd på vilkår som i det vesentlige overfører økonomisk risiko og kontroll til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmiddel og tilhøyrande leigeplikter er tatt med som skyldnad under rentebærande langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalningane. Driftsmiddelet er avskrive planmessig, og skyldnaden er redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

### Inntekter

Inntekt rekneskapsførast når den er opptjent, altså når både risiko og kontroll i hovudsak er overført til kunden. Dette vil normalt være tilfellet når vara er levert til kunden. Inntektene rekneskapsførast med verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet.

### Kostnader

Kostnader rekneskapsførast som hovedregel i samme periode som tilhøyrande inntekt. I dei tilfelle der det ikkje er ein klar samanheng mellom utgift og inntekt fastsettes fordelinga etter skjønsmessige kriterier. Øvrige unntak fra sammenstillingsprinsippet er angitt der det er aktuelt.

### Varer

Varer er vurdert til lågaste av anskaffingskost etter FIFO - metoden og netto salsverdi. Det vert avsett for pårekeleg ukurans på verdien av varelageret.

### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er førte opp til pålydande etter frådrag for

## Coop Vest sponsar lag og organisasjonar med 1,2 millionar kroner i 2012

avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

### Bankinnskot, kontantar o.l.

Bankinnskot, kontantar o.l. inkluderar kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel med forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

### Aksjer og andeler i tilknytt selskap og datterselskap

Investeringer i datterselskap vurderast etter kostmetoden. Investeringa blir nedskreva til virkelig verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande og det må anses nødvendig etter god regnskapsskikk. Motteke utbytte og konsernbidrag fra datterselskap er inntektsført som annen finansinntekt. Tilsvarende gjeld for investering i tilknytt selskap.

### Pensjoner

Innskuddsplaner periodiseres etter sammenstillingsprinsippet. Årets innskudd til pensjonsordningen kostnadsføres.

### Pensjoner

En ytelsesplan er en pensjonsordning som ikke er en innskuddsplan. Ved regnskapsføring av pensjon som er ytelsesplan, kostnadsføres forpliktelsen over opptjeningsperioden i henhold til planens opptjeningsformel. Allokeringmetode tilsvarer planens opptjeningsformel med mindre det vesentlige av opptjeningen skjer mot slutten av opptjeningsperioden. Lineær opptjening legges da til grunn. For pensjonsordninger etter lov om foretakspensjon anvendes således lineær opptjening.

Estimatavvik og virkningen av endrede forutsetninger amortiseres over forventet gjenværende opptjeningsperiode i den grad de overstiger 10 % av den største av pensjonsforpliktelsen og pensjonsmidlene (korridor). Virkningen av planendringer med tilbakevirkende kraft som ikke er betinget av fremtidig ansettelse, innregnes i resultatregnskapet umiddelbart. Planendringer med tilbakevirkende kraft som er betinget av fremtidig ansettelse, fordeles lineært over tiden frem til ytelsen ikke lenger er betinget av fremtidig ansettelse.

For opptjeningsbaserte uforeytelser som er en separat plan, vil effekten av eventuelle estimatavvik og planendringer resultatføres umiddelbart.

